



# VINJE KOMMUNE

## MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	Formannskapssalen	19.02.2018	09:00

### Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Asbjørn Gardsjord		
Anne Lise Haugen		
Ragnfrid Bakken		
Britt Rønningen		
Tor Strømme		
Asbjørn Arnfinn Arnevik		

Saker til handsaming	18/1 - 18/3
----------------------	-------------

Merknader
-----------

### Andre som møtte

Namn	Stilling
Kari Dalen	Helse- og omsorgssjef
Signe Marie Kittelsaa	Kultursjef

Asbjørn Gardsjord  
leiar

Reidun Lofthus  
administrasjonssekretær

## ***PS 18/1 Referat og meldingar***

*RS 18/1 Referat frå førre møte*

### **Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 19.02.2018:**

Helse- og omsorgssjef Kari Dalen orienterte om statusen i eininga pr. dags dato.

Kultursjef Signe Marie Kittelsaa orienterte om arbeidet med frivilligsentralen.

Rådet seier seg lei for at arbeidet med frivilligsentralen har blitt ytterlegare forsinka. Rådet ber om at arbeidet med frivilligstrategien kjem i gang så fort som råd.

Rådet ynskjer to representantar (ein som representerer eldre og ein som representerer personar med nedsett funksjonsevne) i ei tverrfagleg gruppe som skal utarbeide eit nytt strategidokument.

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

## ***PS 18/2 Norheimstunet - ulike tema knytt til tilbod, bruk og utvikling***

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

Rådmannen, 13.02.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 19.02.2018:**

#### Framlegg frå rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne:

Rådet ser på Norheimstunet som eit unikt tilbod i kommunen, og ber om at gruppa for omstilling ser på om det er mogleg å utvide eldresenteret ved Norheimstunet med ein dag til i veka, slik at senteret skal kunne halde oppe to dagar i veka, med middagsserverting.

Ein bør starte ei langsiktig planlegging med tanke på å utvide Norheimstunet i takt med auka behov, både når det gjeld talet på eldre, alderssamansetjing og helsesituasjonen til dei eldre og personar med nedsett funksjonsevne, ref. også Kommunedelplanen helse- og omsorg pkt. 4.3.1.

Utviklinga av Norheimstunet og eldresenteret må bli sett i ljøs av at sambruken av eldresenteret er viktig for det sosiale livet blant eldre og personar med nedsett funksjonsevne i bygda, og ikkje minst for bebuarane på Norheimstunet.

Framlegget frå rådet blei samrøystes vedteke.

Rådet ser på Norheimstunet som eit unikt tilbod i kommunen, og ber om at gruppa for omstilling ser på om det er mogleg å utvide eldresenteret ved Norheimstunet med ein dag til i veka, slik at senteret skal kunne halde oppe to dagar i veka, med middagsservering.

Ein bør starte ei langsiktig planlegging med tanke på å utvide Norheimstunet i takt med auka behov, både når det gjeld talet på eldre, alderssamansetjing og helsesituasjonen til dei eldre og personar med nedsett funksjonsevne, ref. også Kommunedelplanen helse- og omsorg pkt. 4.3.1.

Utviklinga av Norheimstunet og eldresenteret må bli sett i ljøs av at sambruken av eldresenteret er viktig for det sosiale livet blant eldre og personar med nedsett funksjonsevne i bygda, og ikkje minst for bebuarane på Norheimstunet.

## *PS 18/3 Årsmelding 2017 for rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne*

*Rådmannens framlegg til vedtak:*

Årsmeldinga til rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for året 2017 blir teke til etterretning.

Rådmannen, 18.01.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 19.02.2018:**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Årsmeldinga til rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for året 2017 blir teke til etterretning.